

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FE-122, FA-K11	22/127

Saknr	Utval	Type	Dato
029/2022	Formannskapet	PS	15.02.2022

## Kommunal plan for friluftslivet sine ferdsselsårer

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Plan for friluftslivets ferdsselsårer

#### Dato

10.02.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Framlegg til vedtak

Masfjorden kommune lagar temaplan for friluftslivet sine ferdsselsårer.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Vestland fylkeskommune har sendt ut invitasjon til kommunane om å utarbeida ein *plan for friluftslivet sine ferdsselsårer*. Planen skal gje ei samla oversikt over viktige ferdsselsårer for friluftslivet i kommunen (dvs turvegar, -løyper, -stiar og padleløyper). Vidare skal den identifisera, ivareta og utvikla stiar, turvegar, løyper og leder som er viktige for friluftsliv.

Bergen og Omland Friluftsråd har i e-post dagsett 24.01.2022 kome med tilbod å stilla med prosjektleiar som kan ta ansvar for at prosjektet vert gjennomført, og støtte til å senda inn søknad om tilskot til prosjektet hjå Vestland fylkeskommune.

Spesielt viktig er ferdsselsårene som ligg ved dei tre oppvekstområda i Masfjorden kommune, og i tillegg ferdsselsårer med særleg høg bruksfrekvens og stort tilretteleggingsbehov andre stadar i kommunen. Det er også viktig å få med viktige ferdsselsåre i fjellområda, både i og ved Stordalen, Fjon/Masfjordfjella og eventuelt andre stadar av særskilt betydning.

Kommunen vil i løpet av planprosessen invitera til medverknad. Grunneigarar og andre som vert særskilt råka av forslag til nye tiltak vil verta kontakta spesielt. Utkast til temaplan for friluftslivets

ferdselsårer i kommunen vil verta lagt ut på høyring i løpet av 2022.

Planarbeidet følgjer opplegget slik det er skissert i rettleiaren Plan for friluftslivets ferdsselsårer, sjå vedlegg. Rettleiaren viser korleis temaplanar for slike ferdsselsårer kan utarbeidast på ein systematisk og målretta måte, og skildrar arbeidet steg for steg frå oppstart av planarbeid, til kartlegging av no-status, analyse og forslag til tiltak, og fram til endeleg vedtak.

#### **Vurdering:**

For mange av innbyggjarane i Masfjorden kommune er friluftsliv ein viktig del av kvardagen. I 2009 utarbeidde kommunen i samarbeid med Idrettsrådet turkart over Masfjorden. I kartet er det merka og skildra 30 turruter, 10 i kvart sokn. Vi har og mange tilreisande som nyttar friluftsområda i Masfjorden. Planarbeidet vil avdekka kva behov ein har for å utbetra tilbodet knytt til ferdsselsårene, td skilting, merking, informasjon, parkering og utbetringar av stiar.

I prosjektet vil «friluftslivets ferdsselsårer» bli kartlagde, digitaliserte og bli ein del av den nasjonale turrutebasen. Ein slik plan vil setja kommunen i posisjon til å søkja eksterne midlar som skal nyttast til tilrettelegging av vedtekne tiltak i planen sin handlingsdel.

Sidan Bergen og Omland Friluftsråd vil stilla med prosjektleiar vil ikkje kapasiteten til administrasjonen verta råka tungt om ein vel å starta opp dette planarbeidet. Kostnaden for kommunen vil først og fremst handla om å stilla med tilsette på møte med konsulenten, slik at dei kan bidra med lokalkunnskap og i faglege drøftingar i samband med utforming av planen. Kostnaden med konsulentarbeidet vil verta dekka av det fylkeskommunale tilskotet.

#### **Konklusjon**

Masfjorden kommune lagar temaplan for friluftslivet sine ferdsselsårer.

### **Formannskapet - 029/2022**

#### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

Masfjorden kommune lagar temaplan for friluftslivet sine ferdsselsårer.

